

RAPPORT OM VERKSEMDA 2015-2018

teater
alliansen

Innhold

DRIFTA AV TEATERALLIANSEN.....	3
Etablering av Teateralliansen.....	4
Organisering av verksemda 2015-2018.....	5
Tilskot frå Kulturdepartementet	6
Samarbeid med andre aktørar	7
Amatørteaterfeltet sine behov	8
Framtidig forvaltning av tilskot til amatørteaterfeltet	9
VERKSEMDA I TEATERALLIANSEN	10
NM i teatersport.....	10
MinusManus.....	11
Instruktør opplæringa Scenerom	12
Dramas – manusutlån og rettighetsklarering	13
Forvaltning av tilskot	14
OPPSUMMERING OG VEGEN VIDARE	15

DRIFTA AV TEATERALLIANSEN

Teateralliansen har fått statstilskot frå Kulturdepartementet i perioden 2015-2017, for å gjennomføre felles tiltak for amatørteaterfeltet. På grunn av sein avklaring frå departementet om korleis statens løyvingar til amatørteaterfeltet skulle forvaltast på permanent basis frå 2018, har Teateralliansen også motteke tilskot i 2018. Arbeidet har vorte rapportert på årleg til departementet, i samband med søknad om driftsmidlar for det påfølgjande året. Med denne rapporten ønskjer styret å dokumentere meir av det arbeidet som er gjort i Teateralliansen for ettertida, og ikkje minst gje ei evaluering av arbeidet. Denne sluttrapporten er skriven av styret i Teateralliansen, med styra i partnerorganisasjonane som adressat. Rapporten blir og sendt til Kulturdepartementet ved politisk leiing, samt Norsk kulturråd, som blir forvaltar av dei statlege løyvingane til amatørteaterfeltet frå 2019.

Etablering av Teateralliansen

Teateralliansen blei stifta 17. desember 2015. Opptakta til stiftinga skjedde allereie i 2014, og det synest naturleg å innleie rapporten med ei tilbakeblikk på dette.

Dei nasjonale amatørteaterorganisasjonane var saman med dei fylkesvise amatørteaterråda samla i paraplyorganisasjonen Norsk teaterråd i ei årrekke. Teaterrådet hadde ein viktig funksjon som tilskotsforvaltar og samarbeidsorgan for det nasjonale amatørteaterfeltet, og ikkje minst som driftsorganisasjon for Dramas. Det bør i denne samanheng nemnast at det i periodar hadde vore uro og usemje mellom organisasjonane i teaterrådet knytt til forvaltning av driftstilskotet til dei nasjonale teaterorganisasjonane, så teaterrådet hadde i periodar vore prega av intern usemje og konflikter. Teaterrådet mottok tilskot til verksemda gjennom Kulturdepartementet.

Våren 2013 starta Kulturdepartementet ei oppfølging av internkontrollen i organisasjonen, etter at ein hadde blitt gjort kjend med merknader frå revisor, som hadde påpeikt svakheiter i denne. Den vidare oppfølginga resulterte i at departementet stansa utbetaling av tilskot til Norsk teaterråd i september 2014. Dei komande månadene var prega av mykje uro i Norsk teaterråd, og dei fem største medlemsorganisasjonane valde å melde seg ut av organisasjonen i løpet av desse månadene. Statsbudsjettløyvinga som hadde gått til Norsk teaterråd fram til 2014 var i statsbudsjettet for 2015 omgjort til "midlar til felles amatørteateriltak," og 6.2.2015 kunngjorde departementet at midlane blei lyst ut, slik at felles tiltak på feltet kunne bli oppretthalde og vidareutvikla.

Frilynt Norge, Norsk amatørteaterforbund og Noregs Ungdomslag var tre av dei fem organisasjonane som hadde meldt seg ut av Norsk teaterråd, og søkte eit nytt samarbeid for å kunne søkje på dei utlyste midlane, slik at fellestiltak kunne vidareførast. Organisasjonane hadde møter med Kulturdepartementet om innretninga og innhaldet i ein slik søknad. Ein såg raskt at ein trengte ei ny samanslutning som kunne forvalte midlane, og valde også å søkje fleire samarbeidspartar, for å ha ei god fagleg plattform for arbeidet. Departementet hadde signalisert at ein trengde ein aktør som kunne forvalte statlege tilskot til amatørteaterfeltet, og det var difor naturleg å ta kontakt med Norsk musikkråd for eit eventuelt partnerskap. Dei tre amatørteaterorganisasjonane var før samla i Studieforbundet kultur og tradisjon, med felles interesser for opplæringsarbeid. Studieforbundet var difor ein annan naturleg partner, for å kunne inkludere opplæringsdimensjonen i arbeidet ein ville søkje om å få finansert gjennom midlane frå departementet.

Dei fem partnerorganisasjonane sendte i februar 2015 søknad til Kulturdepartementet om midlar til felles amatørteateriltak for perioden 2015-2017. Plattformen for søknaden var ein søknad om midlar til å etablere ein ny paraplyorganisasjon for heile det frivillige kulturfeltet.

I juni 2015 fekk vi munnleg melding om at vi ville motta midlar til felles amatørteateriltak i perioden 2015-2017, og at den utlyste potten ville bli delt mellom vår samarbeidskonstellasjon og Scenefolk. Norsk

teaterråd fekk samtidig avslag på sin søknad om midlar. Vi fekk samtidig melding om at vi ikkje kunne bruke noko av løyvinga til å etablere ein ny kulturparaply, slik vi ønskte. Departementet ønskte derimot at vi sendte ein eigen søknad om utgreiingsmidlar til dette, slik at andre midlar på kulturbudsjettet kunne finansiere dette.

I august 2015 fekk vi melding om at vi mottok 1 million kroner til dette arbeidet, og prosessen med utgreie behovet for ein eigen kulturparaply blei starta. Dei fem organisasjonane tok samtidig i bruk namnet *Teateralliansen* om samarbeidet seg i mellom, og *Kulturalliansen* blei namnet på det ein ønskte skulle bli den nye paraplyorganisasjonen for heile kulturfeltet.

Gjennom sommaren hadde det vore drøftingar mellom departementet, Norsk teaterråd og Teateralliansen om korleis ein kunne sikre varig drift av Dramas, etter at teaterrådet miste driftsmidlane til organisasjonen. I august gjennomførte Norsk teaterråd eit ekstraordinært årsmøte, der ein vedtok å legge ned organisasjonen. På dette møtet blei det og vedteke at Teateralliansen/Noregs Ungdomslag fekk ansvar for å drifte Dramas frå 1.9. til 31.12., medan avviklingsstyret for teaterrådet fann ei varig løysing for Dramas.

Drøftingane om drift og finansiering av Dramas gjorde at Teateralliansen først i september mottok tilskotsbrev frå Kulturdepartementet for midlane til felles amatørteatertiltak for 2015. Tilsagnsbrevet frå Kulturdepartementet viste at vi ville motta i alt 3,6 millionar kroner til arbeidet i 2015, og eitt av vilkåra var at vi tok på oss drifta av manusbanken Dramas ut 2015.

I oktober var Teateralliansen i samtalar med avviklingsstyret for Norsk teaterråd, om å ta over Dramas på fast basis. Teateralliansen presenterte sine planar for ei mogleg drift for styret, og styret vedtok etter denne presentasjonen å overføre driftsansvaret for Dramas til Teateralliansen frå 1.1.2016.

Det at Teateralliansen fekk midlar frå Kulturdepartementet, gjorde at organisasjonane såg behovet for å etablere samarbeidet som ein formell organisasjon, med eige organisasjonsnummer og styre. Teateralliansen vart difor formelt stifta 17. desember 2015. Etter dette mottok Teateralliansen midlar frå departementet både i 2016 og i 2017, etter årlege søknader om midlar der disponeringa mellom ulike føremål framkom. Frå 2018 var det meininga at mottakarar av statens midlar til amatørteaterføremål skulle vere disponert på meir fast basis, men denne avklaringa kom først i oktober 2018, i samband med framlegging av statsbudsjettforslaget for 2019. Teateralliansen blei difor bedne om å ta på seg nokre oppdrag for Kulturdepartementet også i 2018.

Organisering av verksemda 2015-2018

Teateralliansen har hatt fem partnerorganisasjonar gjennom heile perioden, og stort sett er det dagleg leiar/generalsekretær i desse organisasjonane som har fungert som styre. Samtidig har styremøta vore opne, på den måten at prosjektansvarlege og fagansvarlege i dei ulike organisasjonane har delteke på styremøta om ein har ønskja det.

Det har ikkje vore valt ein eigen styreleiar for Teateralliansen, men generalsekretæren i Noregs Ungdomslag (NU) har vore koordinator for arbeidet, og var også prosjektleiar for etableringa av Kulturalliansen. Det er også NU som har vore mottakar av midlane frå Kulturdepartementet, og som har fordelt desse vidare til dei ulike organisasjonane, som har hatt ansvar for kvar sitt delprosjekt. NU har deretter koordinert rapporteringsarbeidet, slik ein har rapportert samla til departementet.

Som vi vil kome tilbake til seinare i rapporten, har Teateralliansen ivaretatt oppgåver for Kulturdepartementet også i 2018, i vente på at departementet skulle konkludere med korleis statsbudsjettløyvingane til amatørteaterføremål endeleg skulle disponerast.

Tilskot frå Kulturdepartementet

I perioden 2015-2017 har Teateralliansen forvalta tilsaman kr 20 977 759 i felles amatørteatertiltak. I påvente av at Kulturdepartementet skulle ta ei avgjerd på korleis den framtidige fordelingsstrukturen skulle vere, har vi også fått tilført midlar i 2018 for drift av Dramas og fordeling av driftstilskot. Dette gjer at vi har forvalta tilsaman kr 27 904 759 i perioden 2015-2018.

	2015 *	2016	2017	2018	SUM
Statsbudsjettmidlar, Kulturdepartementet	3 600 000	8 621 759	8 756 000	6 927 000	27 904 759
Fordelt slik:					
Administrasjon av felles amatørteatertiltak	107 043	167 410	145 369	92 221	512 043
Drift og utvikling av Dramas	366 048	1 082 342	2 319 362	2 599 346	6 367 098
Drift og utvikling av Scenerom	435 954	814 046	675 000	0	1 925 000
NM i teatersport	468 960	590 000	530 000	0	1 588 960
Junior-NM i teatersport	898 480	296 139	1 203 861	0	2 398 480
Amatørteaterkartlegginga 2016	0	110 000	0	0	110 000
Administrasjon av tilskotsforvaltning	169 469	20 000	15 000	30 000	234 469
Utdelt sceneteksttilskot	800 000	0	0	0	800 000
Fordelt driftstilskot til nasjonale teaterorg.	0	4 555 949	4 715 760	4 697 000	13 968 709
Restmidlar, søkt overført til neste år	354 046	985 873	491 567	0	0

I tillegg til statsbudsjettmidlane Teateralliansen har motteke til felles amatørteatertiltak, har vi også forvalta speltilskotet, som er finansert over tippemiddeloverskotet.

	2015 *	2016	2017	2018	SUM
Tippemidlar, Kulturdepartementet	0	3 355 000	3 400 000	3 400 000	10 155 000
Disponert slik:					
Fordelt speltilskot	0	3 019 500	3 060 000	3 060 000	9 149 500
Administrasjonsdel til Norsk musikkråd	0	335 500	340 000	340 000	1 085 500

* Driftstilskotet til dei nasjonale teaterorganisasjonane og tilskotsordninga for historiske spel og friluftsspel vart forvalta av Norsk kulturråd i 2015.

Det samla tilskotet frå Kulturdepartementet til Teateralliansen har dermed vore på kr 38 059 759 i perioden 2015-2018.

Samarbeid med andre aktørar

Kulturdepartementet

Bakgrunnen for at Teateralliansen valte å søkje om midlar til treårsperioden 2015-2017 var (jf, søknaden vår til Kulturdepartementet, 20. mars 2015):

1. *Vi ville ta eit ansvar for fellesskapet, og sikre at eksisterande tiltak for heile amatørteaterfeltet kunne bli ivareteke og vidareutvikla.*
2. *Vi vil bygge nye alliansar for eit breitt kulturfagleg samarbeid, som kunne tene den samla kulturfrivilligheita i Noreg, gjennom etablering av Kulturalliansen.*

Etableringa av Kulturalliansen var plattformen i søknaden vår om midlar, og vi såg føre oss at vi gjennom den aktuelle treårsperioden skulle få på plass ein ny, konfliktfri struktur, som kunne ivareta fellesoppgåver for heile kulturfrivilligheita. Kulturalliansen kunne vere driftsorganisasjonen for dei andre oppgåvene vi søkte om finansiering til, ved at ein både kunne løyse kulturfaglege fellesoppgåver og forvalte midlar til det frivillige feltet. Basert på konfliktlinjene som hadde vore i teaterrådet, og på partnerorganisasjonane sine erfaringar med andre paraplyorganisasjonar med mindre konfliktlinjer, hadde vi tru på at vi kunne bygge ei ny, samlande eining, med ein breiare kulturfagleg profil enn amatørteater.

Den første utfordringa møtte vi ved at vi ikkje fekk sjå Kulturalliansen inn i denne større samanhengen, ved at Kulturdepartementet avlo den opprinnelege søknaden vår. Når departementet i tillegg valte å dele den utlyste potten i to like delar, til Scenefolk og Teateralliansen, blei også det store prosjektet vesentleg nedskalert. Vi hadde sett føre oss at den nye organisasjonen skulle gradvis kome på føtene i løpet av desse tre åra, slik at ein fekk på plass personalressursar til å drifte både organisasjonen og fellesoppgåvene.

Etableringa av Kulturalliansen vart svært vellukka, men det at dette vart ein parallell prosess for drifta av verksemda i Teateralliansen, gjorde at premissane vart heilt annleis enn det vi hadde sett føre oss. Vi har justert kursen undervegs, etter kvart som spelerommet vårt har vorte definert av Kulturdepartementet. Dette har gjort at partnerorganisasjonane har blitt brukt vesentleg meir tid på operativt arbeid i Teateralliansen enn det vi såg føre oss.

Samtidig har vi opplevd samarbeidet med Kulturdepartementet som tidvis krevjande. Departementet har på den eine sida ville halde ei armlengds avstand til arbeidet vårt, medan det på den andre sida t.d. har vore krevjande å få omdisponert midlar til drift av Dramas, sjølv om vi har løyst dette innanfor dei rammene vi har hatt. Departementet har utvilsamt brukt svært mykje ekstra ressursar på oppfølging av amatørteaterfeltet sidan 2014, og har strekt seg for at feltet ikkje skal bli skadelidande av at Norsk teaterråd miste statstilskotet. Samtidig er vår oppleving at kompetansen og kunnskapen om frivillig sektor er liten i departementet, noko som gjer at vi har hatt vanskar med å finne eit felles språk.

Scenefolk

Scenefolk og Teateralliansen har forvalta kvar sin del av den samla amatørteaterløyvinga, og i tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet har det vore eit vilkår at vi skulle ha ein kontinuerleg dialog om føremålstenleg fordeling av dei samla midlane til amatørteaterfeltet. Både Scenefolk og Teateralliansen har vore drifta «på dugnad» av dei daglege leiarar i organisasjonane, ved at arbeidet har kome i tillegg til den daglege drifta av våre respektive ni organisasjonar. Det har difor vore avgrensa kor mykje ressursar som har vore brukt til samordning på eit meir overordna nivå dei to organisasjonane i mellom. Vi har vore informert om kvarandre sine søknader og planar, og vi har også invitert kvarandre til å vere med i dei ulike prosjekta vi har drive. Frå Teateralliansen si side har dette betydd at Scenefolk har vore invitert med på Folkemøta vi har arrangert (sjå lengre ned), og inn i ressurs-/driftsgrupper for utvikling av t.d. Scenerom og Dramas. Vi

Andre aktører i amatørteaterfeltet

Teateralliansen har hatt oppgaver langs to hovudspor (Sjå «Aktivitatar i Teateralliansen sin regi»). Det eine sporet har vore gjennomføring av faglege samarbeidsprosjekt retta mot heile amatørteaterfeltet. Det andre sporet har vore å forvalte tilskotsordningar til feltet. Teateralliansen har gjennom nettsida teateralliansen.no informert om arbeidet vårt, om søknadsfristar og tildelingar frå tilskotsordningane. Vi har også gjennomført «Folkemøter» der andre nasjonale og regionale aktører i amatørteaterfeltet har vore invitert til å delta. Det skal i denne samanheng nemnast at det organiserte amatørteaterfeltet er relativt oversiktleg, då dei fleste aktører var medlemmer i Norsk teaterråd, så vi opplever at vi har nådd feltet med den informasjonen vi har sendt tut.

Det har vore uttrykt misnøye frå nokre aktører i feltet knytt til korleis desse tilskotsordningane (driftsmidlar til amatørteaterorganisasjonane og tilskotsordninga til historiske spel) har vore forvalta, og dette har til tider vore krevjande å handtere.

Misnøya har vore knytt til premisser som ikkje Teateralliansen har kunne påverka, t.d. utbetalingstidspunkt for speltilskotet eller kva organisasjonar som får driftsmidlar. Førstnemnde er knytt til at speltilskotet er finansiert av spelemiddeloverskotet til Norsk tipping, som er klart først i mai/juni. Det siste er knytt til at premissen for forvaltning av driftstilskotet til teaterorganisasjonane har vore at vi skulle indeksregulere dette utifrå tilskotsnivået i 2015, og utifrå kven som var mottakar då. Misnøya mot forvaltning av desse ordningane handlar difor primært om faktorar som vi ikkje har kunne påverka, men vår oppleving er at Kulturdepartementet har tolka dette ein del av eit konfliktfylt amatørteatermiljø, i staden for å ha sett at dette eigentleg er kritikk mot premissane for tilskotsforvaltninga, og at noko av dette også heng igjen frå dei gamle konfliktlinjene i teaterrådet.

Amatørteaterfeltet sine behov

Amatørteaterkartlegginga

For å tileigne oss ei dokumentert forståing av behov i amatørteaterfeltet, gjennomførte Teateralliansen i 2016 ei omfattande kartlegging av amatørteater-Norge. Dette vart også gjort for å danne grunnlaget for Teateralliansen sin søknad om driftsmidlar for 2018, når ein ønskte å etablere seg i ei rolle som ein samlande paraplyorganisasjon for amatørteaterfeltet, når mellomperioden 2015-2017 var avslutta. Kartlegginga vart gjort i form av tre separate nettbaserte undersøkingar med tilsaman 613 respondentar frå både det organiserte og uorganiserte miljøet med god geografisk spreiding; Teaterundersøkinga 2016, Instruktørundersøkinga og Dramas-undersøkinga.

De tre undersøkingane hadde fleire felles berøringspunkt, noko vi meinte kvalitetssikra svara og funna. Vi meinte å danne oss eit solid bilde av teater-Noreg sin kvardag, og oppsummeringane vi gjorde i form av vurderingar og forslag til tiltak overfor Kulturdepartementet var godt forankra i feltet. Hovudfunna vart formidla til Kulturdepartementet i desember 2016, som ein del av den samla rapporten «Behov på amatørteaterfeltet – kartlegging av teaternorge 2016»:

- Betre økonomiske rammevilkår til det lokale amatørteaterarbeidet, styrke eksisterende ordningar og etablere nye.
- Teater- og produksjonsfagleg kompetanseheving.
- Tilpassa kompetanseheving av instruktørar og utdanning av nye instruktørar.
- Betre tilgang på gode manuskript og ei styrka manusteneste.
- Betre tilgang på eigna lokale til produksjon av teater, kulisser og kostymer.
- Betre tilgang på teaterrelaterte tenester på område som scenografi/kulisser, rekvisittar, sceneteknikk, kostymer m.m.

Departementet si evaluering

I 2017 bestilte Kulturdepartementet ei evalueringa av fordelingsmodellen for statstilskot på amatørteaterfeltet, og NIBR fekk oppdraget med å gjennomføre denne. Teateralliansen og våre partnerorganisasjonar stilte, saman med dei andre aktørane på feltet, opp som informantar for NIBR sitt arbeid. Rapporten frå NIBR skulle vere klar før sommaren, slik at konklusjonane og tilrådingane her kunne ligge til grunn for Kulturdepartementet sitt forslag om disponering av midlane til amatørteaterføremål i forslaget til statsbudsjett for 2018. Dette arbeidet vart forsinka, og rapporten låg ikkje føre før hausten 2017. Dette betydde m.a. at det ikkje framkom i forslaget til statsbudsjett korleis midlane skulle forvaltast frå 2018.

Konklusjonane i rapporten var m.a. at amatørteaterfeltet mangla ein nasjonal fellesarena, og ei nasjonal koordinering av kurs og kompetansehevande tiltak for amatørteatergrupper. Vidare at amatørteatergruppene mangla aktivitetsmidlar, og at det var lite gjennomsiktede mekanismar for deling av tilskot. Mykje av dette samanfall med det Teateralliansen dokumenterte gjennom amatørteaterkartlegginga, og vi meinte at rapporten underbygde ein del av våre funn, og støtta opp under vår søknad om driftsmidlar for 2018, der vi ønskte å bli ei paraplyorganisasjon for heile amatørteaterfeltet.

Framtidig forvaltning av tilskot til amatørteaterfeltet

Frå NIBR la fram sin rapport om behov på amatørteaterfeltet og fram til Kulturdepartementet tok ei avgjerd om korleis midlane skulle fordelast, gjekk det ti månader. Frå utsida framstod tida i mellom som ein tilfeldig prosess. Mange organisasjonar i feltet nytta sjølvstøtte høvet til å kome med innspel om korleis midlane burde forvaltast, og dette vart frå departementet si side oppsummert som «mange og sprikande innspel», som ikkje peikte i ei eintydig retning om kor ein burde gå.

Dersom rapporten frå NIBR hadde blitt sendt på høyring til organisasjonane, med ein høyringsfrist og eit estimat på når departementet rekna med å ta ei avgjerd, ville dette blitt ein langt meir gjennomiktig og forutsigbar prosess for alle partar. Gjennom heile 2018 drifta Teateralliansen Dramas, utan å ha noko tidsperspektiv på når vi kunne forvente å få ei endeleg avgjerd om den faste finansieringa av verksemda.

Frå vår side framstod det rart at departementet peikte på sprikande innspel frå feltet som ein av grunnane til at ein la den framtidige forvaltninga av midlane til kulturrådet. Amatørteaterfeltet er etter vår vurdering ikkje noko meir splitta eller sprikande no enn det var før teaterrådet miste statstilskotet, og vi trur avgjerda frå departementet hadde stått seg over tid om ein valte å konkludere nærare i tråd med tilrådingane frå NIBR.

Når det er sagt, har vi tru på at det vil skape ro at det er ein nøytral aktør som no skal forvalte tilskotsordningane til amatørteaterfeltet. Det vil likevel bli krevjande for kulturrådet å ta over forvaltninga av driftstilskotet til amatørteaterorganisasjonane, når regelverket som er utarbeidd for støtteordninga ikkje er iverksett enno, og organisasjonane ikkje har fått regulert støtta i tråd med reell aktivitet sidan 2014. Men ved at tilskotsordningane vil bli forvalta av kulturrådet, kan dette også skape ro rundt dei nasjonale teaterorganisasjonane, slik at vi kan bygge opp igjen eit fagleg fellesskap for organisasjonane,

VERKSEMDA I TEATERALLIANSEN

NM i teatersport

Om NM i teatersport

Teatersport er improvisert teater, der publikum gjerne tar aktivt del i kva som skal framførast gjennom å foreslå tema, stad osv. for sketsjane som blir vist. Skodespelarane som er med framfører improviserte scener utifrå visse føringar som er lagt. Føringane kan være alt frå avgrensingar med tanke på tid og rom, at ein må snakke på rim, ikkje bruke bokstaven S, snakke tullespråk eller at ein kan snakke utan å ha kroppskontakt.

NM i Teatersport™ er lagt opp som ei konkurranse med regionale uttak, der vinnarane frå kvar region går vidare til finalen. Det er årlig arrangert regionale uttak seks stader i landet. Øst, Vest, Nord, Sør, Midt og Innlandet. Vinnarlaga frå dei regionale uttaka har gått vidare til finalen, som er lagt opp som ei forestilling, og som avvikla på Lillehammer i forbindelse med Norsk Amatørteaterforbund sine årlige Teaterdagar.

Norsk amatørteaterforbund har den norske lisensen til å gjennomføre det nasjonale meisterskapet i teatersport. NM i Teatersport™ har vorte gjennomført sidan 1998, og var tidlegare finansiert gjennom midlar frå Norsk teaterråd. Gjennom Kulturdepartementet sine løyvingar til felles amatørteatertiltak, har ein sikra at meisterskapet har kunne blitt gjennomført.

Kva har vi oppnådd?

Vi har gjennomført Noregs-meisterskapet i perioden 2015-2017, i hovudsak etter planen.

Utfordringar undervegs

Den største utfordringa har vore å få arrangert uttak i Nord-Norge, og få med lag frå denne landsdelen. Det har også vore utfordrande å arrangere uttak i Innlandet. Impromiljøet er ikkje så stort i desse regionane, og reiseutgiftene er ofte store både for å arrangere regionale uttak, og for å dekke reisekostnadene for vinnarlaget frå nord til Lillehammer.

Kva har vi lukkast med?

Laga som deltek på dei regionale uttaka er rekruttert frå impromiljøa i de i ulike regionane uavhengig av organisasjonstilknytning, og det er såleis ikkje nødvendigvis lokallag i Teateralliansen sine lag som har delteke. Vidare har vi lukkast med å vidareføre eit arrangement som det har vore lang tradisjon for i amatørteaterfeltet, og dermed vidareført ein positiv arena for teatersportmiljøa rundt i landet. Fleire av improgruppene som har delteke på NM Teatersport har i ettertid besøkt kvarandre, gått på kurs og etablert varige kontaktpunkt i kvarandre sine nettverk.

Dei to siste åra har vi også teke med lag som har gått vidare direkte frå finalen i MinusManus, for å kunne gi desse ein ekstra boost og ein fagleg kvalitetsauke, slik at dei kan knytte nye kontaktar til de meir etablerte impromiljøa.

Om MinusManus

MinusManus er ei vidareutvikling av Junior-NM i teatersport, og er eit nasjonalt improteaterprosjekt for ungdom mellom 13 og 18 år. Prosjektet er organisert som ei uformell konkurranse og ein møtestad, samansett av kurs i improvisasjonsteater og teatersport, lokale og regionale uttak, samt landsmønstring og finale. Finalen har vore avvikla på sommarleiren SplæshCamp i regi av Frilynt Norge.

Frilynt Norge var tidlegare arrangør av Junior-NM i Teatersport, delfinansiert av Norsk teaterråd. Frilynt har i perioden delteke i International Theatresports Institute's ungdomskomiteé med mål om å på sikt kunne skape europeiske og internasjonale improarenaer for ungdom.

Improvisasjonen si rolle i amatørteaterfeltet

Nesten samtlege lokale amatørteatergrupper i Noreg brukar teatersport og improvisasjon som verktøy i skodespelartreninga. Det framkjem mellom anna av *Teaterundersøkelsen 2016*, utført av Teateralliansen. Oppfatninga blir stadfesta i MinusManus si deltakarundersøking 2018, der over 60 % oppgir erfaring med improvisasjon frå si lokale teatergruppe.

I ei amatørteatergruppe er improvisasjon eit viktig verktøy for skodespelartrening, tryggleik, gruppedanning, samspel og evne til å lytte. Improvisasjon er like viktig for gruppa som heilskap som for individet, og amatørteaterfeltet er tent med å ha tilgang på gode instruktørar på området. Uttalane i deltakarundersøkinga understreker nettopp kor effektivt kurs i improvisasjonsteater er for den faglege og sosiale utviklinga hos deltakarane.

Kva har vi oppnådd?

MinusManus er i hovudsak gjennomført som planlagt, og med nær 1100 deltakarar i perioden 2015-2017 er det skapt ein betydelig arena for improteater for ungdom.

Utfordringar undervegs

Den største utfordringa har vore rekruttering. Det er til dømes mindre miljø for improteater i Nord-Norge og på Vestlandet, og det har vore enklare å rekruttere deltakarar frå nokon amatørteatermiljø enn andre.

Kva har vi lukkast med?

Etter endt prosjektperiode ser vi at prosjektet står ved eit slags gjennombrot når det gjeld merkevarerbygging og synlegheit i feltet. Miljøet veks og deltakarane har fått eigarskap til prosjektet. Det er ytra ønskje om å sikre arenaen vidare.

Nøkkeltall

	2015	2016	2017	Totalt
Tal kurs/uttak	16	15	16	47
Tal deltakarar	400	304	378	1 082
Tal lag til finalen	16	14	17	47
Tal deltakarar til finalen	53	56	62	171
Tal publikum	1 747	1 095	1 489	4 331

Tal kommunar	22
Tal fylker	12
Kjønnsfordeling	38 % gutar og 62 % jenter
Kjønnsfordeling i finalen	44 % gutar og 56 % jenter

Instruktør opplæringa Scenerom

Om instruktør opplæringa

Amatørteaterorganisasjonane uttrykte ønskje om eit overordna tilbod, på tvers av organisasjonane, som kunne styrke instruktørkompetansen i teaterlaga. På bakgrunn av dette gjekk Teateralliansen i 2015 breitt ut med ei omfattande undersøking for å kartlegge konkrete ønskje og behov i miljøet. Studieforbundet fekk oppdraget med å gjennomføre undersøkinga, der ein kartlagde opplysningar om kva instruktørar som blei brukt, kva kompetanse dei hadde, og kva dei etterspurte.

Undersøkinga gav ein peikepinn på eksisterande tilgang på teaterinstruktørar og kva for kompetanse miljøet hadde frå før, og kva behov og ønskje ein hadde for innhald i ei felles opplæring. Undersøkinga gav signal om behov for opplæring både på grunnnivå og for vidareutdanning. Behovet for å ha instruktørar i eigner rekker, samt det det faktum at amatørteaterfeltet i hovudsak er ideologisk forankra og basert på eldsjeler og dugnadsarbeid, gjer at laga er avhengig av å finne gode opplæringsmodellar for sine instruktørar.

Funna frå undersøkinga la grunnen for etablering av Scenerom, som ei modulbasert opplæring i regi og teaterproduksjon. Opplæringa er organisert som 4 modular/helgesamlingar, over tilsaman 60 timar.

Kva har vi oppnådd?

Vi har etablert ei ny kursrekke for teaterinstruktørar, som vi ønskjer å vidareføre som eit fast tilbod gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon, som er teatermiljøet sin felles opplæringsorganisasjon.

Utfordringar undervegs

Amatørteaterfeltet ser ikkje ut til å vere metta av instruktørar, hovuddelen av dei spurte instruktørane og teaterlaga ynskjer seg meir kompetanse. Trass mange moglegheiter i det offentlege utdanningssystemet, med stor søkjartilslutning, viste undersøkinga vår eit udekt behov knytt til det frivillige teaterfeltet. Dette går i hovudsak på tilgjengelegheit for dei som allereie er i arbeid og som har teater og teaterinstruksjon som ein deltidsjobb eller som frivillig på kveldstid, men og på emneynskje. Dei tilboda som fins i utdanningssystemet er gjort utilgjengeleg ved å vera organisert på dagtid på vekedagar, knytt til campus. Trass tilpassa avvikling til kveld og helg, har det likevel vore ei utfordring å skaffe deltakarar til rekkje to og tre av Scenerom. Dette trur vi kan ha samanheng med at modulane er lagt til helg, mange vil skjerme om helgene sine, og vel difor bort kompetanseheving knytt til frivillig aktivitet. Vi trur og det er ei ulempe for ei såpass omfattande og krevjande kursrekke at det ikkje er opptening av studiepoeng.

Kva har vi lukkast med?

Vi meiner å ha lykkast med det faglege nivået på kurset, og ei analytisk tilnærming som vi meiner skil det frå helgekursa som er gjennomført i dei ulike organisasjonane. Vi har og nytta oss av markørar i kursa, slik at kursdeltakarane har møtt skodespelarar å bryne seg på og prøve ut dei ulike øvingane, teknikkane og manusa dei har arbeidd med. Vi har og vore på omvisingar i ulike teater og på studieturar til ulike amatørgrupper i arbeid, samt på teateroppsettingar profesjonelt og på amatørnivå.

Nøkkeltall

2016/2017	Kursrekke 1, Oslo	4 kurs	56 deltakarar	100 timar
2017	Kursrekke 2, Sandefjord	4 kurs	29 deltakarar	100 timar
2017	Modul 1, Lillehammer	1 kurs	3 deltakarar	25 timar
2018	Kursrekke 3, Oslo	2 kurs (2 blir gjennomført i 2019)	26 deltakarar	50 timar
		11 kurs	114 deltakarar	225 timar

Vi registrerte ikkje organisasjonstilhørsle ved påmelding til kurset. Det vi såg var at alle organisasjonar i Teateralliansen var representert på kursa, samt ein betydeleg del knytt til kulturskular.

Dramas – manusutlån og rettighetsklarering

Om Dramas

Dramas er eit serviceorgan for amatørteatergrupper i Noreg, med ei tredelt verksemd: Dramas formidlar manus til lesing, handsamar søknader om speleløyve på vegne av rettighetshavarar, og krev deretter inn royalties frå amatørteatergruppene og formidlar dette til rettighetshavarane. Om lag 3000 manus er digitalisert og tilgjengeleg gjennom dramas.no. Dramas hadde i utgangspunktet fem manusfilialar som stod for utlånet av manus, medan Norsk teaterråd hadde ansvaret for å handsame søknader om speleløyve og royaltysspørsmål. Utlånet av manus blei sentralisert til Norsk teaterråd i 2011, slik at teaterrådet frå dette hadde eit heilskapleg ansvar for tenesta. Då teaterrådet miste statstilskotet i 2015, fekk Noregs Ungdomslag eit mellombels driftsansvar for Dramas, gjennom Teateralliansen. I samband med at teaterrådet blei avvikla, gjorde avviklingsstyret vedtak om å overføre Dramas permanent til Teateralliansen. Dramas hadde på dette tidspunktet 0,5 årsverk.

Kva har vi oppnådd?

Vi har stabilisert manustenesta, og lagt til rette for ei framtidsretta teneste som også kan vidareutviklast meir.

Utfordringar undervegs

Då Teateralliansen overtok Dramas overtok vi ei teneste som over lengre tid hadde vore underbemanna. Få av rutineane var institusjonalisert, og det meste av systemet var manuelt. Nettsida der brukarar kunne søkje om å få låne manus var også lite funksjonelle.

Teateralliansen ønskte difor å utvikle den tekniske løysinga for Dramas, men såg også at det først var nødvendig med eit juridisk arbeid for å avklare kva rettar vi hadde til å låne ut dei digitaliserte manusa. Før vi kunne starte dette arbeidet, møtte vi den første store utfordringa, gjennom opplysningar om at Dramatikerforbundet hadde sagt opp avtalen med Norsk teaterråd, om at Dramas kunne formidle spelerettar på vegner av deira medlemmer. Dette hadde ikkje blitt formidla av Norsk teaterråd.

Kva har vi lukkast med?

Teateralliansen tilsette tidleg i 2016 ein prosjektleiar for «Nye Dramas» som fekk i oppgåve å få på plass igjen avtalen med Dramatikerforbundet, få gjennomført ei juridisk avklaring av kva rettar Dramas hadde, samt få utvikla ei ny teknisk løysing, der lokale grupper kunne få løyst alle tenester; alt frå å bestille manus til å betale for spelerettar. Dette lukkast vi med, sjølv om prosessen med å få på plass den nye tekniske løysinga har teke lengre tid enn forventa. Den tekniske løysinga vil vere fullt operativ frå 1.1.2019, då vi også skal ha fått på plass ein fullintegrasjon med rekneskapsløysing.

Nøkkeltall

Utsendte fakturaer for innvilga spelerettar, etter innsendte billettregneskap frå teaterframsyningane:

	2016	2017	2018 *
Sum fakturert	2 673 965	3 101 728	1 868 705
Fordelt slik:			
Vidareformidla royalties til rettighetshavarar	2 395 601	2 788 618	1 663 235
Administrasjonsdel til Dramas	275 578	310 319	205 616
Andre inntekter til Dramas	2 784	2 790	850

* For 2018 er det i skrivande stund berre fakturert for 3 av 4 kvartal.

Personale:

Prosjektleiaren for «nye Dramas» var tilsett i Teateralliansen i omlag eitt år, og vart då avløyst av to nye stillingar, slik at Dramas frå våren 2017 har hatt 2,5 årsverk.

Forvaltning av tilskot

Om tilskotsforvaltninga

Kulturdepartementet gav frå 2016 Teateralliansen oppdraget med å fordele statstilskot til dei nasjonale teaterorganisasjonane, og å forvalte tilskotet til dei historiske spela, som blir finansiert gjennom tippenøkkelen. I tillegg øyremerkte Teateralliansen ein del av løyvinga frå 2015 til eit sceneteksttilskot, som blei fordelt i perioden 2015-2017. Norsk musikkråd har vore operativt ansvarleg for tilskotsforvaltninga.

Sceneteksttilskotet

Styret i Teateralliansen vedtok eigne retningslinjer for *Sceneteksttilskotet – et krafttak for ny norsk dramatik*, og sette ned eit eksternt fordelingsutval for å sikre ei faglig, kvalifisert fordeling av tilskotsmidlane. Medlemmene i utvalet har kome frå Dramas, Den mangfaldige scenen AS og Dramatikerforbundet.

Driftstilskotet

KUD fordelte tilskotet direkte til dei nasjonale teaterorganisasjonane i 2015, og gav føringar på korleis tilskotet til organisasjonane skulle bli fordelt i 2016 og 2017, i praksis har det vore ei indeksregulering dei tre åra. Teateralliansen har utarbeidd nytt regelverk for tilskotet til dei nasjonale teaterorganisasjonane. Regelverket vart utarbeidd av eit eige regelutval, med representantar frå både teaterorganisasjonar og andre landsdekkande organisasjonar. Sidan KUD ikkje konkluderte med korleis amatørteaterløyvinga skulle disponerast i 2018 i tide, blei tilskotet i praksis indeksregulert også i 2018. Dette betyr at organisasjonane ikkje har fått justert grunnlagstala på mange år, og at det nye regelverket ikkje er satt ut i livet.

Speltilskotet

Styret i Teateralliansen vedtok eigne retningslinjer for *Speltilskudd – tilskudd til historiske spel og friluftsspel*, og sette ned eit eksternt Fordelingsutval for å sikre ei faglig, kvalifisert fordeling av tilskotsmidlane. Medlemmene i utvalet har kome frå Spelhandboka og Norske historiske spel.

Kva har vi oppnådd?

Vi har oppretthalde tre ulike tilskotsordningar som har vore viktig for mange tilskotsmottakarar.

Utfordringar undervegs

Manglande forutsigbarhet i omfanget av oppdraget samt utbetalingstidspunkt for Speltilskotet har gitt ei utfordrande forvaltning. For å gi spelsøklarane forutsigbarhet har tilskotet blitt fordelt tentativt i februar/mars, og det endelege tilskotsbrevet har blitt sendt så snart vi har fått tildelingsbrevet frå KUD. Vi har også opplevd det krevjande at enkeltaktørar i teaterfeltet har villeia og feilinformert om forvaltninga vår.

Kva har vi lukkast med?

Gjennom å opprette fordelingsutval for dei ulike ordningane, og dermed lagt til rette for deltaking frå andre organisasjonar, har vi sørga for breidde og betre forankring. Norsk musikkråd si forvaltningskompetanse og kjennskap til amatørteaterfeltet har medverka til å kunne gje søkjarane rettleiing i søknadsprosessen. Faglege spørsmål er vist vidare til dei respektive fordelingsutvala eller til relevante teaterorganisasjonar.

Nøkkeltall

Tildelt beløp og tal mottakarar dei ulike åra. (KUD har bede Teateralliansen om å fordele midlar også i 2018)

	2016		2017		2018		Sum	
Sum tildelt	8 151 709	78	8 000 000	72	7 727 000	59		
Sceneteksttilskot	645 000	28	235 000	19	0	0	880 000	47
Driftstilskot	4 596 709	9	4 635 000	9	4 667 000	9	13 898 709	27
Speltilskot	2 910 000	40	3 170 000	43	3 060 000	50	9 140 000	133

OPPSUMMERING OG VEGEN VIDARE

I Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2019, er den delen av løyvinga til amatørteaterføremål som Teateralliansen har forvalta, foreslått overført Norsk kulturråd. Meir konkretisert er det lagt opp til at tilskotsordningane blir overført til kulturrådet, og at Teateralliansen vil kunne søkje same stad om driftsmidlar til Dramas.

På styreseminar i Teateralliansen, 18. og 19. oktober 2018, oppsummerte partnerorganisasjonane samarbeidet i perioden 2015-2017. Eit resultat av dette er denne felles rapporten, som blir sendt partnerorganisasjonane sine respektive styrer, samt Kulturdepartementet.

Styret oppsummerer samarbeidet i perioden 2015-2018 som givande og konstruktivt, og konkluderer med at samarbeidet dei nasjonale teaterorganisasjonane i mellom har blitt styrka. Dei tre teaterorganisasjonane snakkar meir saman no enn ein gjorde medan ein var medlemsorganisasjonar i teaterrådet.

Styret oppsummerer samtidig at samarbeidet med Kulturdepartementet til tider har vore krevjande, og at dette etter vår oppfatning i hovudsak skuldast at departementet ikkje har tilkjennegitt tilfredsstilande innsikt i eller kompetanse om korleis det frivillige kulturlivet er organisert.

Styret har også diskutert vegen vidare, og konkluderer behova slik:

- Dei nasjonale amatørteaterorganisasjonane treng ein felles møteplass, på tvers.
- Vi treng ei felles røyst for amatørteaterfeltet, som kan arbeide interessepolitisk for felles interesser.
- Vi treng systematisk arbeid over tid, for å løfte amatørteaterfaget.
- Vi treng gode tilskotsordningar for feltet, men det breie feltet er ikkje modent for at dette blir forvalta av enkeltaktørar i amatørteaterfellesskapet.

På bakgrunn av dette er vår klare oppmoding at Teateralliansen bør vidareførast som ein møteplass for organisasjonane. På sikt kan vi klare å bygge opp organisasjonen til å dekke behova ovanfor. Ein viktig suksessfaktorar for dette vil sannsynlegvis vere at forvaltning av tilskotsordningane er flytta ut av vår portefølje, slik at vi ikkje får ei rolle både som tilskotsforvaltar og samarbeidsorganisasjon.

